**Vaksdal kommune**

# MØTEPROTOKOLL
# KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 15.12.2020
**Møtestad:** Scandic Voss
**Møtetid:** 10:00 - 17:30

Det er open halvtime frå kl. 10.00
Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 10.00

Streaming av møtet byrjar etter open halvtime.

ORIENTERINGAR
• Fast orientering frå ordførar og rådmann

**Møtedeltakarar:**

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Hege Eide Vik | SP | Ordførar |
| Kjartan Haugsnes | SV | Varaordførar |
| Thor Andersen | AP | Medlem |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |
| Lisa Natalie Johnsen Lunde | AP | Medlem |
| Ståle Kallestad Hesjedal | AP | Medlem |
| Ole-Anders Brekkhus | AP | Medlem |
| Anne Christin Eide | AP | Medlem |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H | Medlem |
| Amalie Johnsen Lunde | H | Medlem |
| Edvin Hesjedal | H | Medlem |
| Trond Olav Magnussen | H | Medlem |
| Arne Normann | KRF | Medlem |
| Ivar Rødland Bergo | SP | Medlem |
| Line Eide Vik | SP | Medlem |
| Renathe Vik | SP | Medlem |
| Line Kydland | SV | Medlem |
| Mona Grenasberg | SV | Medlem |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Karin B. Groth | FRP | Varamedlem |
| Odd Jøran Oldervik | SV | Varamedlem |

# Vaksdal kommune

| Forfall | Parti | Møtande varamedlem |
|---|---|---|
| Evy Beate Kvamme | SV | Odd Jøran Oldervik |
| Trygve Jakobsen | FRP | Karin B. Groth |

**Andre møtande:**
Rådmann Atle Fasteland
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Økonomisjef Kenneth Stokke
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen
Politisk sekretær Sølvi Legård

## Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---|---|
| 84/2020 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 85/2020 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 86/2020 | REFERATSAKER OG MELDINGAR |
| 87/2020 | TERTIALRAPPORT 2- 2020 |
| 88/2020 | BEVARING OG REGISTRERING AV DE DYVIKSKE SAMLINGAR |
| 89/2020 | ISTANDSETJING AV VEGPARTI PÅ GRØTTÅVEGEN |
| 90/2020 | SENTRALIDRETTSANLEGG GEITABAKKEN MOGLEGHEITSTUDIUM |
| 91/2020 | TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE |
| 92/2020 | SAK BARNEHAGE PÅ BERGO |
| 93/2020 | PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE |
| 94/2020 | BOTNFRÅDRAG EIGEDOMSSKATT |
| 95/2020 | RENOVASJONSGEBYR 2021 |
| 96/2020 | BUDSJETT 2021 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF |
| 97/2020 | BUDSJETT 2021 - VAKSDAL KOMMUNE |
| 98/2020 | DELTAKING I REGIONRÅD NORDHORDLAND |
| 99/2020 | NY SAMARBEIDSAVTALE - INVEST IN BERGEN OG ETABLERERSENTERET 2021-2024 |
| 100/2020 | FRAMTIDIG ORGANISERING AV NORDHORDLAND DIGITALT |
| 101/2020 | EKSE GRENDAHUS - SLETTING AV HEFTE |
| 102/2020 | POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT |

**Vaksdal kommune**

| | |
|---|---|
| **103/2020** | **INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØAREAL** |
| **104/2020** | **PLANSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE 2020 -2023** |
| **105/2020** | **HØYRINGSUTTALE - FRIE OG HEMMELEGE VAL - NY VALLOV** |
| **106/2020** | **PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 I VAKSDAL KOMMUNE** |
| **107/2020** | **PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024** |
| **108/2020** | **INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - MESSO** |
| **109/2020** | **JUSTERINGAR VED ÅRSAVSLUTNING 2020 - VAKSDAL KOMMUNE** |
| **110/2020** | **PRIORITERING AV SPELEMIDDELSØKNADAR FOR ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET** |
| **111/2020** | **KJØP AV AREAL FRÅ DALE FABRIKKER** |
| **112/2020** | **GJENNOMGANG AV HELSE OG OMSORG - RAPPORT - ORIENTERINGSSAK** |

## 84/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 84/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

## 85/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 85/2020 Vedtak/Tilråding:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

## 86/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Referatsak 86/2020.5 Forslag til vedtak, lagt inn i møteportalen av Hege Eide Vik, Sp.**

Kommunestyret ber om å få eit forslag til høyringsuttale til Statnett si konseptvalutgreiing med frist 31. januar til Formannskapsmøtet 26.01.21. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne uttalen.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Referatsak 5: Framlegg frå Hege Eide Vik på vegner av SP, SV, H:
*Kommunestyret ber om å få eit forslag til høyringsuttale til Statnett si konseptvalutgreiing med frist 31. januar til Formannskapsmøtet 26.01.21. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne uttalen.*

**Røysting**:
Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.
Framlegget frå Hege Eide Vik vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 86/2020 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

Kommunestyret ber om å få eit forslag til høyringsuttale til Statnett si konseptvalutgreiing med frist 31. januar til Formannskapsmøtet 26.01.21. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne uttalen.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**87/2020: TERTIALRAPPORT 2- 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre.

**Fellesforslag frå Sp, SV, Høgre, Frp, Ap og Krf, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes**

Dei som kvalifiserer, og oppfyller vilkåra for økonomisk stønad til livsopphald i desember, og søker mellom 24.11.20 til 23.12.20, vil få innvilga 1000,- i ytterlegare stønad for desember.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 71/2020 Vedtak/Tilråding:**

Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre.

**<u>Kommunestyret 15.12.2020</u>**

**Behandling:**
<u>Felles tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av alle parti:</u>
*Dei som kvalifiserer, og oppfyller vilkåra for økonomisk stønad til livsopphald i desember, og søker mellom 24.11.20 til 23.12.20, vil få innvilga 1000 i ytterlegare stønad for desember.*

**Røysting**:
Formannskapet si tilråding samrøystes vedteken.
Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 87/2020 Vedtak/Tilråding:**

Tertialrapport 2 vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg:

Dei som kvalifiserer, og oppfyller vilkåra for økonomisk stønad til livsopphald i desember, og søker mellom 24.11.20 til 23.12.20, vil få innvilga 1000 i ytterlegare stønad for desember.

---

**88/2020: BEVARING OG REGISTRERING AV DE DYVIKSKE SAMLINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tre alternativ:

1. Alarmsikring av landskapsmuseet, mindre bevaringstiltak og registrering av de Dyvikske Samlingar og Verpelstadsamlinga. Samla kostnad kr 270.000. Finansiering ved bruk av fond 2.53080008 og 2.53080006.

   eller

2. Mindre bevaringstiltak og registrering av de Dyvikske Samlingar og Verpelstadsamlinga. Samla kostnad kr 210.000. Finansiering ved bruk av fond 2.53080008 og 2.53080006.

   eller

3. Utgreie bruk av landskapsmuseet framover herunder ulike tiltak for bevaring eller flytting av samlingane

**<u>Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020</u>**

**Behandling:**

Formannskap, plan- og økonomiutvalet drøfta saka.

**<u>Thor Andersen, Ap la fram følgjande endringsforslag:</u>**
Ny tekst P.3 Det må utredes en helhetlig bruk av landskapsmuseet framover med ulike tiltak for bevaring av samlingene lokalt

**<u>Thor Andersen, Ap la fram eit tilleggsforslag som erstatta framlagd endringsforslag.</u>**
Det må utredes en helhetlig bruk av landskapsmuseet framover med ulike tiltak for bevaring av samlingene lokalt

**Røysting**

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak med tre ulike alternativ. Alternativ 3 vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsforslaget frå SV, Sp og Høgre, som var lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes. Tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over tilleggsforslaget frå Ap, som vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 72/2020 Vedtak/Tilråding:**

Utgreie bruk av landskapsmuseet framover herunder ulike tiltak for bevaring eller flytting av samlingane

Formannskapet ber om ein uttale frå museumsfagleg miljø. Formannskapet ber også om ein skriftleg uttale til saka frå personar som er tilknytt landskapsmuseet som omvisarar eller med dugnadsarbeid.

Det må utredes en helhetlig bruk av landskapsmuseet framover med ulike tiltak for bevaring av samlingene lokalt.

**<u>Kommunestyret 15.12.2020</u>**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 88/2020 Vedtak/Tilråding:**

Utgreie bruk av landskapsmuseet framover herunder ulike tiltak for bevaring eller flytting av samlingane
Formannskapet ber om ein uttale frå museumsfagleg miljø. Formannskapet ber også om ein skriftleg uttale til saka frå personar som er tilknytt landskapsmuseet som omvisarar eller med dugnadsarbeid.

Det må utredes en helhetlig bruk av landskapsmuseet framover med ulike tiltak for bevaring av samlingene lokalt.

---

**89/2020: ISTANDSETJING AV VEGPARTI PÅ GRØTTÅVEGEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Ordførar orienterte om ordførar og assisterande rådmann si synfaring av vegen gjennomført i august.

Formannskap, plan- og økonomiutvalet drøfta saka og tilleggsforslaget som var lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV.

Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 73/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune løyver inntil kr. 150 000 for fullfinansiering av Grøttåvegen. Finansiering av tiltaket vert å kome tilbake til i handsaming av budsjett for Vaksdal kommune 2021.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Edvin Hesjedal ba om at hans habilitet vart vurdert. Kommunestyret vedtok samrøystes at han er ugild i saka i medhald av fvl § 6 punkt b), slektskap med part i saka.

**Røysting**:
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 89/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune løyver inntil kr. 150 000 for fullfinansiering av Grøttåvegen. Finansiering av tiltaket vert å kome tilbake til i handsaming av budsjett for Vaksdal kommune 2021.

---

**90/2020: SENTRALIDRETTSANLEGG GEITABAKKEN MOGLEGHEITSTUDIUM**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Erlend Hesjedal- Johannessen stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Erlend Hesjedal Johannsen er ugild i medhald av fvl § 6 e) punkt 1. Ugild når vedkomande er leiar eller har ei leiande stilling i ei foreining.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Formannskap, plan- og økonomiutvalet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 74/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Erlend Hesjedal-Johannessen ba om at habiliteten hans vart vurdert. Kommunestyret vedtok samrøystes at han er ugild i saka i medhald av fvl § 6 e) punkt 1. leiarrolle i organisasjon som er part i saka.

**Røysting**:
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 90/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert tatt til orientering.

---

**91/2020: TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Føgjande trafikksikringstiltak vert prioritert på Dale i 2021:
- fartshumpar og fartsreduserande skilting til 30 – og 40 km/t sone i område Hestavollen – Kalvakroken samt mot Geitabakken jf. plan
- etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen

Tiltaka vert finansiert innafor ramma avsett til trafikksikring i investeringsbudsjettet.

# Vaksdal kommune

**Forslag til vedtak, lagt inn i møteportalen av Erlend Hesjedal-Johannessen, H.**

Følgjande trafikksikring vert prioritert på Dale i 2021:

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/t sone i område Dalseidvegen avgrensa av fylkesveg 5400 i sør og Rindavegen i nord.

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30– og 40 km/t sone i område Hestavollen – Kalvekroken jf. plan

- Etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen.

Tiltaka vert finansiert innafor ramma avsett til trafikksikring i investeringsbudsjettet.

Kommunestyret ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021.

**Revidert forslag til vedtak, lagt inn i møteportalen av Erlend Hesjedal-Johannessen, H.**

Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak med kostnadsoverslag på trafikksikring på følgande område:

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/t sone i område Dalseidvegen avgrensa av fylkesveg 5400 i sør og Rindavegen i nord.

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/ t sone i område Hestavollen – Kalvekroken jf. plan

- Etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen.

Kommunestyret ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke på å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Formannskap, plan- og økonomiutval drøfta saka.

**Boris Groth, Frp, la fram følgjande tilleggsforslag:**
Kommunestyre ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021?

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over Boris Groth, Frp sitt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

# Vaksdal kommune

**FPØ - sak 75/2020 Vedtak/Tilråding:**

Følgjande trafikksikringstiltak vert prioritert på Dale i 2021:
- fartshumpar og fartsreduserande skilting til 30 – og 40 km/t sone i område Hestavollen – Kalvakroken samt mot Geitabakken jf. plan
- etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen

Tiltaka vert finansiert innafor ramma avsett til trafikksikring i investeringsbudsjettet.

Kommunestyre ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021?

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Endringsframlegg frå Edvin Hesjedal på vegner av SP, SV, H:
*Følgjande trafikksikring vert prioritert på Dale i 2021:*
*- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/t sone i område Dalseidvegen avgrensa av fylkesveg 5400 i sør og Rindavegen i nord.*
*- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30– og 40 km/t sone i område Hestavollen – Kalvekroken jf. plan*
*- Etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen.*
*Tiltaka vert finansiert innafor ramma avsett til trafikksikring i investeringsbudsjettet.*
*Kommunestyret ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021.*

Revidert endringsframlegg frå Erlend Hesjedal-Johannessen på vegner av SP, SV, H:
*Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak med kostnadsoverslag på trafikksikring på følgande område:*
*- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/t sone i område Dalseidvegen avgrensa av fylkesveg 5400 i sør og Rindavegen i nord.*
*- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/ t sone i område Hestavollen – Kalvekroken jf. plan*
*- Etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen.*
*Kommunestyret ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke på å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021.*

**Røysting**:
Framlegget frå Erlend Hesjedal-Johannessen vart sett opp mot formannskapet si tilråding: 15 røysta for Erlend Hesjedal-Johannessen sitt framlegg (SP, SV, H, FRP, KRF) som vart vedteke. 6 røysta for formannskapet si tilråding (AP) som fall.

**KOM - sak 91/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak med kostnadsoverslag på trafikksikring på følgande område:

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/t sone i område Dalseidvegen avgrensa

av fylkesveg 5400 i sør og Rindavegen i nord.

- Fartshumper og fartsreduserande skilting til 30- og 40 km/ t sone i område Hestavollen – Kalvekroken jf. plan

- Etablering av samanhengande gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen.

Kommunestyret ber om at trafikksikringsplan for Dale vert evaluert med tanke på å rullere trafikksikringsplanen i løpet av 2021.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**92/2020: SAK BARNEHAGE PÅ BERGO**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen legg fram fire alternativ til vedtak:

1. *Modell 1 - Alle barna får tilbod om barnehageplass i Modalen, som no*
2. *Modell 2 – Alle barna får tilbod om barnehageplass på Bergo*
3. *Modell 3 - Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass i Modalen*
4. *Modell 4 - Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass på Stamnes*

**Forslag til vedtak, lagt inn i møteportalen av Hege Eide Vik, SP**

Med bakgrunn i dei usikre faktorane som er skildra i saka frå rådmannen og no innspel frå foreldre foreslår ordførar følgjande vedtak:

1. Barnehage på Bergo opnar frå august 2021 gitt at søkargrunnlaget er stort nok til å drifte barnehage innafor dei økonomiske rammene i budsjett 2021.
2. Formannskapet si innstilling frå 01.12.20 vert lagt til grunn. Innspel til vedtaket frå foreldre vert tatt omsyn til dersom det let seg løyse innafor rammene i budsjett 2021.
3. Kommunestyret ber rådmannen legge fram si vurdering i første møte etter at søknadsfristen er gått ut.
4. Kommunestyret om at rådmannen sørger for ein god dialog med Modalen kommune i prosessen.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**
**På vegne av Sp, SV og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV, fram følgjande forslag til vedtak:**

Kommunestyret går inn for alternativ 3. Me ber om at vedtaket blir gjort kjent for foreldre i Eksingedalen så snart som mogeleg.

Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 94/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret går inn for alternativ 3. Me ber om at vedtaket blir gjort kjent for foreldre i Eksingedalen så snart som mogeleg.

**Alternativ 3:**

*Modell 3 - Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass i Modalen*

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Framlegg frå ordførar Hege Eide Vik:
*Med bakgrunn i dei usikre faktorane som er skildra i saka frå rådmannen og no innspel frå foreldre foreslår ordførar følgjande vedtak:*

*1. Barnehage på Bergo opnar frå august 2021 gitt at søkargrunnlaget er stort nok til å drifte barnehage innafor dei økonomiske rammene i budsjett 2021.*
*2. Formannskapet si innstilling frå 01.12.20 vert lagt til grunn. Innspel til vedtaket frå foreldre vert tatt omsyn til dersom det let seg løyse innafor rammene i budsjett 2021.*
*3. Kommunestyret ber rådmannen legge fram si vurdering i første møte etter at søknadsfristen er gått ut.*
*4. Kommunestyret ber om at rådmannen sørger for ein god dialog med Modalen kommune i prosessen.*

**Røysting**:
Framlegget frå ordførar vart sett opp mot formannskapet si tilråding: Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 92/2020 Vedtak/Tilråding:**

Med bakgrunn i dei usikre faktorane som er skildra i saka frå rådmannen og no innspel frå foreldre foreslår ordførar følgjande vedtak:

1. Barnehage på Bergo opnar frå august 2021 gitt at søkargrunnlaget er stort nok til å drifte barnehage innafor dei økonomiske rammene i budsjett 2021.
2. Formannskapet si innstilling frå 01.12.20 vert lagt til grunn. Innspel til vedtaket frå foreldre vert tatt omsyn til dersom det let seg løyse innafor rammene i budsjett 2021.
3. Kommunestyret ber rådmannen legge fram si vurdering i første møte etter at søknadsfristen er gått ut.
4. Kommunestyret om at rådmannen sørger for ein god dialog med Modalen kommune i prosessen.

---

**93/2020: PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prisordning for Folkebadet:
Born under skulealder kr. 41,-
Born 1. – 7. trinn Gratis
Ungdom/honnør/student kr. 62,-
Vaksne over 18 år kr. 93,-
Familie kr. 165,-
Det vil vidare verta arbeida med ordning for sesongkort/klippekort med 10 % reduksjon på billettprisen.

Prisordninga skal evaluerast etter ei tid, og seinast innan framlegg av budsjett 2022.

Arbeidsgruppa arbeidar vidare med opning og drift av bassenget innanfor ramma med 10,5 timar opningstid i veka.

På grunn av koronasituasjonen vil det ikkje vera høve til å opne Folkebadet for publikum i 2020.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
**Ståle Hesjedal, Ap, la fram følgjande endringsforslag:**
Prisordning for Folkebadet:
Born under skulealder: 30 kr
Born 1.-7.klasse: gratis
Ungdom/honnør/student: 50 kr
Vaksne over 18 år: 80 kr
Familie: 120 kr

**Amalie Johnsen Lunde, H, la fram følgjande til tilleggsforslag frå SV, SP og Høgre:**
Forslag til vedtak:
Rådmann skal i løpet av våren 2021 leggje fram ei evaluering av ordninga, der følgjande punkt skal vurderast:
• Kostnadsnivå
• Årskort / Halvårskort
• Ubemanna tilgang symjehallen utanfor normale opningstider, t.d. etter modell frå Bryggjeslottet i Modalen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Arbeidarpartiet sitt endringsframlegg.

Arbeidarpartiet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsforslaget frå SV, SP og Høgre, som vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 77/2020 Vedtak/Tilråding:**

Prisordning for Folkebadet:
Born under skulealder: 30 kr
Born 1.-7.klasse: gratis
Ungdom/honnør/student: 50 kr
Vaksne over 18 år: 80 kr
Familie: 120 kr

Rådmann skal i løpet av våren 2021 leggje fram ei evaluering av ordninga, der følgjande punkt skal vurderast:

- Kostnadsnivå
- Årskort / Halvårskort
- Ubemanna tilgang symjehallen utanfor normale opningstider, t.d. etter modell frå Bryggjeslottet i Modalen.

**<u>Kommunestyret 15.12.2020</u>**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 93/2020 Vedtak/Tilråding:**

Prisordning for Folkebadet:
Born under skulealder: 30 kr
Born 1.-7.klasse: gratis
Ungdom/honnør/student: 50 kr
Vaksne over 18 år: 80 kr
Familie: 120 kr

Rådmann skal i løpet av våren 2021 leggje fram ei evaluering av ordninga, der følgjande punkt skal vurderast:

- Kostnadsnivå
- Årskort / Halvårskort
- Ubemanna tilgang symjehallen utanfor normale opningstider, t.d. etter modell frå Bryggjeslottet i Modalen.

---

**94/2020: BOTNFRÅDRAG EIGEDOMSSKATT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Formannskap, plan- og økonomiutval drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 79/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 94/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert tatt til orientering.

---

**95/2020: RENOVASJONSGEBYR 2021**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdalkommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av avfallsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2021 settes opp med 5,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2021.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i henhold til følgjande vedlegg:
*Pristabell renovasjonsgebyr Vaksdal Kommune 2021*

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
Formannskap, plan- og økonomiutval drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 78/2020 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av avfallsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2021 settes opp med 5,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2021.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i henhold til følgjande vedlegg:

*Pristabell renovasjonsgebyr Vaksdal Kommune 2021*

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Heidi Rongved ba om at hennar habilitet vart vurdert. Kommunestyret vedtok samrøystes at ho er ugild i saka i medhald av fvl § 6 e) punkt 2. verv i styret i gjeldande verksemd.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 95/2020 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av avfallsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2021 settes opp med 5,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2021.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i henhold til følgjande vedlegg:
*Pristabell renovasjonsgebyr Vaksdal Kommune 2021*

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**96/2020: BUDSJETT 2021 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2021 for  Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.384.000. Kr 1.157.000,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 227.000,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

**Kommunestyret  15.12.2020**

**Behandling:**
Boris Groth ba om at habiliteten hans vart vurdert.  Kommunestyret vedtok samrøystes at han er habil i saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 96/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2021 for  Vaksdal kommunale arbeids og opplæringssenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.384.000. Kr 1.157.000,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 227.000,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

---

**97/2020: BUDSJETT 2021 - VAKSDAL KOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2021 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.

2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2021. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2021 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2021 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 128.500.000,.-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 102.200.000,-. I tillegg får

rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2021. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2021» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2021, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2021 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune. Gebyrregulativ for vass og avløpstenestene vert veteke slik dei ligg føre i vedlegg til denne saka.

10. Slamtømmegebyr for 2021 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2021 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2021 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Vaksdal kommune

**KS- 97/2020 - Tilleggsforslag lagt inn i møteportalen av Arne Normann, Krf**
Dalseidvegen vert fullfinansiert og utbetra i 2021.

**KS- 97/2020 - Forslag til budsjett 2021 frå Sp, SV, Høgre og Frp, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV.**

| ***Inntekter*** | | |
|---|---|---|
| *Bruk av disposisjonsfond* | *1 300 000* | |
| *Redusert overføring til investering* | *800 000* | |
| *Samla* | *2 100 000* | |

| ***Utgifter*** | | |
|---|---|---|
| ***Oppvekst*** | | |
| *Skule* | *1 000 000* | *Auka ramme/redusert nedtrekk* |
| *Auka dekningsgrad Chromebook i 2021 til skulen* | *90 000* | *Beredskap Covid - 19* |
| *Oppdrag folketalsvekst* | *20 000** | *Gåve til nyfødde * Finansiert av midlar avsett til prosjekt folketalsvekst.* |
| *Ungdomsklubb Dale* | *50 000* | *Møteplass for unge 2021* |
| *Ungdomsråd* | *35 000* | *Eigen budsjettpost* |
| *Svømming* | *30 000* | *Reduserte betalingssatsar jfr. Fsk sak 77/2020* |
| *Internasjonal kvinnegruppe Vaksdal* | *5 000* | *Vidareføring frå oppstartsløyvinga i 2020.* |
| ***Helse og omsorg*** | | |
| *Bonusordning* | *200 000* | *Vidareføring tiltak 2020* |
| *Merkantil prosjektstilling* | *350 000* | *Halvtårsverknad.* |
| *Årsturnus* | *160 000* | *Kostnader knytt til endra turnus* |
| *Tiltak Elvavegen* | *30 000* | *Felles utstyr ute til aktivitet, fysisk trening, leik og trivsel. Til dømes trampoline, huskestativ eller liknande. Kommunestyret ber om tilbakemelding i sitt møte i juni på kva tiltak som er gjort ved bustadane i Elvavegen.* |
| ***Samfunnsutvikling*** | | |
| *Ung jobb* | *100 000* | *Tilby sommarjobb til fleire ungdommar i Vaksdal frå fylte 16 år. Vedlikehald, kantklypp mm.* |
| *Syngjande kommune* | *50 000* | *Me ynskjer at Vaksdal kan bli ein aktiv syngjande kommune igjen når koronarestriksjonane lettar.* |

| | | |
|---|---|---|
| ***Samla Drift*** | *2 100 000* | |
| ***Investeringar*** | | |
| *Grøttåvegen* | *150 000* | *Jfr. Vedtak i sak 73/2020* |
| *Samla* | *150 000* | |

Tekstforslag budsjett:

1. Barnevern:
Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med alternativer for eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester. Fokuset i saka skal vere korleis Vaksdal kommune skal kunne tilpasse barnevernstenesta til krava som foreligg i barnevernsreformen.

2. Unge voksne:
Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak om å auke aldersgrensa på helsestasjon for unge til 25 år. Saka skal inkludere dei organisatoriske og økonomiske konsekvensene av eit slikt tiltak, og moglegheit for å søke ekstern finansiering.

3. Frivilligkoordinator:
Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om moglegheiter for frivilligkoordinator, etter modell frå "Leve heile livet"-reforma, innan budsjetthandsaming 2022.

4. Vaksdal Næringsselskap
Vaksdal Næringsselskap skal vere kommunen sitt verktøy i næringsutviklingsarbeid. Hovedfokus for VNS skal vere å leggja til rette for vekst nye arbeidsplassar, samt å vera kommunen sitt kontaktpunkt for eksisterende bedrifter når det gjeld rådgjevning og kompetanseheving.

Næringsselskapet skal vere ein aktiv medspelar i kommunen sitt strategiske næringsarbeid. Dette skal selskapet gjere med å vere ein sentral funksjon i utvikling av lokale planar og strategiar for næringsutvikling, i tillegg til å sikre Vaksdal sine interesser i regionale og nasjonale planar.

Grunna den økonomiske situasjonen selskapet er i, skal ein i 2021 fokusere på kjerneområda for selskapet. Kommunestyret auker bevilling med inntil kr. 250 000 i 2021 og ber styret i VNS om at eigenkapital ikkje vert redusert ytterlegare. Styret og Vaksdal kommune skal i 2021 avklare vegen vidare for selskapet. Summen vert å ta frå konsesjonsavgiftsfondet.

• Næringsareal.
Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledig næringsareal i kommunen. Dette arbeidet må og sjåast i samanheng med omregulering Dalegarden og strategisk næringsplan.

Bustadtomter.
Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledige bustadtomter offentlege og private i kommunen.

Arbeidet med ein slik oversikt vert lagt til Vaksdal Næringsselskap og målsettinga er ein felles marknadsføring av ledige tomter til bustader og næring innan 2022

5. Budsjett 2021 og korona.
Kommunestyret vil gjere vurderingar om å styrke tenesteområda fortløpande i 2021 og ber om at det vert gjeve økonomirapportering til formannskapet kvar 2. månad. Reinhaldsressursen har vore auka opp i samband med koronadrifta. Dette vil me halde på ved inngangen til 2021, og me vil ta stilling til om det er rom for ei permanent auke i denne ressursen ved handsaming av 1. tertialrapport.

6. Tilsette i Vaksdal kommune.
Korona – pandemien gjev tilsette i Vaksdal kommune store utfordringar. Kommunestyret vil peike på viktigheita av fokus på arbeidsmiljø i 2021 og ber om at administrasjonen saman med organisasjonane i arbeidslivet, rapporterar til administrasjonsutvalet slik at ein raskt kan sette inn eventuelle tiltak.

7. Dalseidvegen.
Kommunestyret ber administrasjonen starte anbodsprosess for Dalseidvegen med intensjon om å ferdigstille vegen i 2021. Finansiering vert å ta stilling til når tilbod føreligg.

8. Geitabakken.
Prosjekt opprusting av Geitabakken vert lagt inn som eit tillegg til Vaksdal Kommune sin Kulturplan, med følgjande tekst:

Geitabakken skal vidareutviklast som idrettsarena i kulturplanperioden. Første trinn som skal realiserast er eit tenleg idrettsbygg. Bygget skal kunna nyttast både til idrettsformål samt til annan bruk ved behov.

Administrasjonen skal i 2021 starte prosessen i høve Vestland fylkeskommune om søknad spelemidlar til prosjektet.
Finansiering av nybygg på Geitabakken skal løysast som eit samarbeid mellom Vaksdal Kommune, eksterne samarbeidspartnarar og idrettslag i Vaksdal.

9. Politisk kompetansebygging – å gjere kvarandre gode!
Kommunestyret ber ombodsutvalet greie ut korleis ein kan styrke det parlamentariske arbeidet i kommunen. Kompetansebygging og nettverksarbeid mellom folkevalde og parti og partigrupper er viktig for å kunne skulere lokale folkevalde til å bidra lokalt, regionalt og nasjonalt i politisk arbeid. Fokus på kompetansebygging folkevalde gjennom dei lokale partiorganisasjonane må stå i fokus.

10. Tilsette
Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgje av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast

gjennom frivillige avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering – vidareutdanning.

11. Pensjonsleverandør til Vaksdal kommune.
Kommunestyre ber Rådmannen om å utarbeide sak til kommunestyre om mogleg byte av pensjonsleverandør innan utgangen av september 2021.

Det kan vere nyttig for kommunen og vurdere fleire tilbydarar inkludert KLP som kommunen nyttar i dag.

Viktig å ta hensyn til i utarbeidinga av saka:
a) Drøftingar med dei tilsette må gjennomførast tidlegast mogleg, og uttale frå tillitsvalde som representerer dei yrkesaktive arbeidstakarane som er omfatta av pensjonsordninga, skal følge saka fram til endeleg avgjersle i kommunestyret.

b) Saka må opp til politisk handsaming tidsnok til at det ved eit evt. vedtak om byte av pensjonsleverandør, er mogleg å seie opp gjeldande avtale innan 30.09.2021 og treffe endeleg vedtak om flytting innan 01.12.2021.

c) Saksutgreiinga må utover å vise dei reint økonomiske sidene ved eit evt. byte, også synleggjere evt. fordeler/ulemper ved å byte pensjonsleverandør.

12. Fond:
Vaksdal kommune har fleire fond som er nede på grunnkapitalen. Dette gjeld mellom anna landbruksfondet, der også grunnkapitalen har vore nedjustert ein gong i førre periode. Konsekvensen er at kommunen ikkje har midlar å dele ut til landbruksføremål. Det er heller ikkje utsikter til at rentenivået vil auke slik at ein igjen vil kunne dele ut av overskotet. Dette er uheldig all den tid det er mange bønder i kommunen vår som gjer store investeringar innafor landbruksnæringa som dei ville søkt tilskot til.
Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei drøftingssak innan mai 2021 som omhandlar kva fond kommunen har til jordbruk- og næringsføremål og skisserer mogelegheiter for korleis kommunen best forvaltar kapitalen i fonda våre med mål om å kunne dele ut støtte til jordbruk og næringsutvikling også i åra som kjem.

Vaksdal/Dale 07.12.2020

Hege Eide Vik, Sp Kjartan Haugsnes, SV Erlend Hesjedal – Johannesen, H
Boris Groth, Frp

**KS- 97/2020 - Tilleggsforslag lagt inn i møteportalen av Arne Normann, Krf**
Kommunestyret ber administrasjonen om å tilføra landbruksfondet kr 100.000, slik at fondet fungerer etter intensjonen.

**KS- 97/2020 - Tilleggsforslag frå Vaksdal Frp, lagt inn i møteportanel av Boris Groth, Frp.**

**Vaksdal kommune**

Forslag om reduksjon av den kommunale satsen for formuesskatt i Vaksdal kommune:

For å auke tilflyttinga til Vaksdal kommune, tiltrekke nye bedrifter og grunderer som kan gje arbeidsplassar, samt stimulere til auka investeringslyst generelt i lokalt næringsliv og kommunen.

Vaksdal kommunestyre vedtek frå 01.01.2022 å redusere den kommunale satsen av formueskatten for Vaksdal kommune frå dagens sats 0,7% til frå 01.01.2022 ny sats: 0,5% .

Rådmannen skal ved utarbeiding av rådmannens budsjettforslag for 2022 legge ny sats til grunn for sitt budsjettarbeid.

Deretter vert satsen å justere ned til 0,4 i 2023 og 0,35 i 2024, forutsett at ynskt effekt med auka tilflytting synest oppnådd. Evaluering av effekten av tiltaket vert lagt fram av rådmannen kvart år i samband med budsjetthandsaming(seinast til FPØ sitt budsjettseminar), og om evalueringa syner at tiltaket har gitt ynskt effekt så skal rådmannen legge ovan nemde satser til grunn og innarbeide desse i sine respektive års budsjettforslag .

**KS- 97/2020 - Forslag til budsjett 2021 frå Arbeidarpartiet, lagt inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, AP.**

| | | |
|---|---|---|
| ***Oppvekst*** | ***1.540.000*** | |
| *Auka ramme skule* | *1.000.000* | *Redusert nedtrekk* |
| *SFO* | *400.000* | *Gratis SFO 1. klasse* |
| *Fulldekning Chromebook* | *90.000* | *Covid-19 beredskap* |
| *Ungdomsklubb Dale* | *50.000* | *Møteplass for unge* |
| *Ungdomsråd* | **50.000* | *Eigen budsjettpost. Finansierast av Bygdeutviklingsmidlar* |
| *Internasjonal kvinnegruppe* | **10.000* | *Finansiert frå flyktningefondet* |
| | | |
| ***Helse*** | ***360.000*** | |
| *Bonusordning helse og omsorg* | *200.000* | *Vidareføring tiltak 2020* |
| *Årsturnus* | *160.000* | *Kostnader knytt til ny turnus* |
| | | |
| ***Samfunnsutvikling*** | ***200.000*** | |
| *Styrke budsjett for reinhald* | *100.000* | *Auke opp stillingar* |
| *Ung jobb* | *100.000* | *Tilby sommarjobb til fleire ungdommar i Vaksdal frå fylte 16 år. Vedlikehald, kantklypp mm.* |
| | | |
| ***Finansiering*** | ***2.100.000*** | |

| | | |
|---|---|---|
| *Bruk av disposisjonsfond* | *1 300 000* | |
| *Redusert overføring til investering* | *800 000* | |
| | | |
| ***Investeringar*** | | |
| *Grøttåvegen* | *150 000* | *Jfr. Vedtak i sak 73/2020* |

Tekstforslag budsjett:

1. Veglys Stamnes/Dale

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med veglys på kommunal veg på Straume, Stamnesvegen og Geitabakken-gravplassen på Dale

2. Gratis barnehageplass til born av studentar

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med og korleis ei praktisk ordning med gratis barnehageplass for born av studentar kan utformast.

3. Tilpassing av opningstider i barnehagane

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 gjennomføre ei brukargransking i forhold til opningstidene i barnehagane med sikte på å tilpasse desse til behova til forledre som til dømes pendlar med offentleg kommunikasjon.

4. Tilsette

Vaksdal kommuen skal ikkje nytte seg av Arbeidsmiljøloven si opning for midlertidig tilsetjing, men tilsetje i faste stillingar.

Motforslag/tilleggsforslag til SP, SV, H og FRP sine tekstforlag:

Tillegg til punkt 1. Barnevern

Dei tilsette vert involvert i prosessen

Tillegg til punkt 8. Geitabakken

Idrettsrådet skal involverast i prosessen.

Motforslag til punkt 10. Tilsette

Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Ingen arbeidstakarar skal bli sagt opp eller få redusert stilling som følgje av omstillingar/nedbemanning i 2021.

**KS- 97/2020 - Endra nummerering for Arbeidarpartiet sine tekstforslag, lagt inn i portalen av Ståle Hesjedal, Ap.**
13. Veglys Stamnes/Dale

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med veglys på kommunal veg på Straume, Stamnesvegen og Geitabakken-gravplassen på Dale

14. Gratis barnehageplass til born av studentar

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med og korleis ei praktisk ordning med gratis barnehageplass for born av studentar kan utformast.

15. Tilpassing av opningstider i barnehagane

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 gjennomføre ei brukargransking i forhold til opningstidene i barnehagane med sikte på å tilpasse desse til behova til forledre som til dømes pendlar med offentleg kommunikasjon.

16. Tilsette

Vaksdal kommuen skal ikkje nytte seg av liberaliseringa i Arbeidsmiljøloven for auke i midlertidige tilsetjingar, men tilsetje i faste stillingar.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.11.2020**

**Behandling:**
**Thor Andersen, AP la fram følgjande tilleggsforslag frå Ap:**
Formannskapet ber om å få en oppdatering på vedtatt plan over gatelys/veilys.
Ber om et kostnadsoverslag for lys på de kommunale delene av Stamnesvegen og Straumevegen

**Kjartan Haugsnes, SV, la fram følgjande tilleggsforslag frå Sp,SV og Høgre:**
Formannskapet ber om å få ei sak til møte 1. desember om barnehagedrift på Bergo frå 1. august 2021.

Thor Andersen, Ap ba om at det vart lagt inn teksten "til møte 1. desember" i sitt tilleggsforslag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sp, SV og Høgre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Ap sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 80/2020 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskap, plan- og økonomiutvalet si innstilling til kommunestyret:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2021 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2021. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2021 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2021 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 128.500.000,.-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 102.200.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2021. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2021» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2021, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2021 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune. Gebyrregulativ for vass og avløpstenestene vert veteke slik dei ligg føre i vedlegg til denne saka.
10. Slamtømmegebyr for 2021 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2021 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.
12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet.
13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2021 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

**Formannskap, plan og økonomiutval vedtok følgjande tinging til møtet i organet 1. desember:**
Formannskapet ber om å få ei sak til møte 1. desember om barnehagedrift på Bergo frå 1. august 2021.

Formannskapet ber om å få en oppdatering på vedtatt plan over gatelys/veilys.
Ber om et kostnadsoverslag for lys på de kommunale delene av Stamnesvegen og Straumevegen til møtet 1. desember.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Fråsegn frå Brukarutval institusjon, meldingar om vedtak/uttale frå råd og utval, samt svar på spørsmål stilt i budsjettseminar var utsendt til representantane før møtet.

Handsaminga av budsjettet vart lagt opp slik:
- Orientering ved rådmannen
- Innkomne framlegg vert presentert
- Gruppemøte dersom ønskjeleg
- Ordinær debatt

**Presentasjon av innkomne framlegg**:

Erlend Hesjedal-Johannessen/Kjartan Haugsnes på vegner av SP, SV, H, FRP:

| ***Inntekter*** | | |
|---|---|---|
| *Bruk av disposisjonsfond* | *1 300 000* | |
| *Redusert overføring til investering* | *800 000* | |
| *Samla* | *2 100 000* | |

| ***Utgifter*** | | |
|---|---|---|
| ***Oppvekst*** | | |
| *Skule* | *1 000 000* | *Auka ramme/redusert nedtrekk* |
| *Auka dekningsgrad Chromebook i 2021 til skulen* | *90 000* | *Beredskap Covid - 19* |
| *Oppdrag folketalsvekst* | *20 000** | *Gåve til nyfødde * Finansiert av midlar avsett til prosjekt folketalsvekst.* |
| *Ungdomsklubb Dale* | *50 000* | *Møteplass for unge 2021* |
| *Ungdomsråd* | *35 000* | *Eigen budsjettpost* |
| *Svømming* | *30 000* | *Reduserte betalingssatsar jfr. Fsk sak 77/2020* |
| *Internasjonal kvinnegruppe Vaksdal* | *5 000* | *Vidareføring frå oppstartsløyvinga i 2020.* |
| ***Helse og omsorg*** | | |
| *Bonusordning* | *200 000* | *Vidareføring tiltak 2020* |

| | | |
|---|---|---|
| *Merkantil prosjektstilling* | *350 000* | *Halvtårsverknad.* |
| *Årsturnus* | *160 000* | *Kostnader knytt til endra turnus* |
| *Tiltak Elvavegen* | *30 000* | *Felles utstyr ute til aktivitet, fysisk trening, leik og trivsel. Til dømes trampoline, huskestativ eller liknande. Kommunestyret ber om tilbakemelding i sitt møte i juni på kva tiltak som er gjort ved bustadane i Elvavegen.* |
| ***Samfunnsutvikling*** | | |
| *Ung jobb* | *100 000* | *Tilby sommarjobb til fleire ungdommar i Vaksdal frå fylte 16 år. Vedlikehald, kantklypp mm.* |
| *Syngjande kommune* | *50 000* | *Me ynskjer at Vaksdal kan bli ein aktiv syngjande kommune igjen når koronarestriksjonane lettar.* |
| ***Samla Drift*** | *2 100 000* | |
| ***Investeringar*** | | |
| *Grøttåvegen* | *150 000* | *Jfr. Vedtak i sak 73/2020* |
| *Samla* | *150 000* | |

***Tekstforslag budsjett:***

*1. Barnevern:*
*Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med alternativer for eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester. Fokuset i saka skal vere korleis Vaksdal kommune skal kunne tilpasse barnevernstenesta til krava som foreligg i barnevernsreformen.*

*2. Unge voksne: Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak om å auke aldersgrensa på helsestasjon for unge til 25 år. Saka skal inkludere dei organisatoriske og økonomiske konsekvensene av eit slikt tiltak, og moglegheit for å søke ekstern finansiering.*

*3. Frivilligkoordinator: Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om moglegheiter for frivilligkoordinator, etter modell frå "Leve heile livet"-reforma, innan budsjetthandsaming 2022.*

*4. Vaksdal Næringsselskap*
*Vaksdal Næringsselskap skal vere kommunen sitt verktøy i næringsutviklingsarbeid. Hovedfokus for VNS skal vere å leggja til rette for vekst nye arbeidsplassar, samt å vera kommunen sitt kontaktpunkt for eksisterende bedrifter når det gjeld rådgjevning og kompetanseheving.*
*Næringsselskapet skal vere ein aktiv medspelar i kommunen sitt strategiske næringsarbeid. Dette skal selskapet gjere med å vere ein sentral funksjon i utvikling av lokale planar og strategiar for næringsutvikling, i tillegg til å sikre Vaksdal sine interesser i regionale og nasjonale planar.*

*Grunna den økonomiske situasjonen selskapet er i, skal ein i 2021 fokusere på kjerneområda for selskapet. Kommunestyret auker bevilling med inntil kr. 250 000 i 2021 og ber styret i VNS om at eigenkapital ikkje vert redusert ytterlegare. Styret og Vaksdal kommune skal i 2021 avklare vegen vidare for selskapet. Summen vert å ta frå konsesjonsavgiftsfondet.*
*· Næringsareal.*
*Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledig næringsareal i kommunen. Dette arbeidet må og sjåast i samanheng med omregulering Dalegarden og strategisk næringsplan.*
*Bustadtomter. Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledige bustadtomter offentlege og private i kommunen.*
*Arbeidet med ein slik oversikt vert lagt til Vaksdal Næringsselskap og målsettinga er ein felles marknadsføring av ledige tomter til bustader og næring innan 2022*

*5. Budsjett 2021 og korona. Kommunestyret vil gjere vurderingar om å styrke tenesteområda fortløpande i 2021 og ber om at det vert gjeve økonomirapportering til formannskapet kvar 2. månad. Reinhaldsressursen har vore auka opp i samband med koronadrifta. Dette vil me halde på ved inngangen til 2021, og me vil ta stilling til om det er rom for ei permanent auke i denne ressursen ved handsaming av 1. tertialrapport.*

*6. Tilsette i Vaksdal kommune.*
*Korona – pandemien gjev tilsette i Vaksdal kommune store utfordringar. Kommunestyret vil peike på viktigheita av fokus på arbeidsmiljø i 2021 og ber om at administrasjonen saman med organisasjonane i arbeidslivet, rapporterar til administrasjonsutvalet slik at ein raskt kan sette inn eventuelle tiltak.*

*7. Dalseidvegen. Kommunestyret ber administrasjonen starte anbodsprosess for Dalseidvegen med intensjon om å ferdigstille vegen i 2021. Finansiering vert å ta stilling til når tilbod føreligg.*

*8. Geitabakken.*
*Prosjekt opprusting av Geitabakken vert lagt inn som eit tillegg til Vaksdal Kommune sin Kulturplan, med følgjande tekst:*
*Geitabakken skal vidareutviklast som idrettsarena i kulturplanperioden. Første trinn som skal realiserast er eit tenleg idrettsbygg. Bygget skal kunna nyttast både til idrettsformål samt til annan bruk ved behov.*
*Administrasjonen skal i 2021 starte prosessen i høve Vestland fylkeskommune om søknad spelemidlar til prosjektet.*
*Finansiering av nybygg på Geitabakken skal løysast som eit samarbeid mellom Vaksdal Kommune, eksterne samarbeidspartnarar og idrettslag i Vaksdal.*

*9. Politisk kompetansebygging – å gjere kvarandre gode!*
*Kommunestyret ber ombodsutvalet greie ut korleis ein kan styrke det parlamentariske arbeidet i kommunen. Kompetansebygging og nettverksarbeid mellom folkevalde og parti og partigrupper er viktig for å kunne skulere lokale folkevalde til å bidra lokalt, regionalt og nasjonalt i politisk arbeid. Fokus på*
*kompetansebygging folkevalde gjennom dei lokale partiorganisasjonane må stå i fokus.*

*10. Tilsette*
*Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal kommune har som målsetting at*

*ingen skal seiast opp som følgje av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillige avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering – vidareutdanning.*

*11. Pensjonsleverandør til Vaksdal kommune.*
*Kommunestyre ber Rådmannen om å utarbeide sak til kommunestyre om mogleg byte av pensjonsleverandør innan utgangen av september 2021.*
*Det kan vere nyttig for kommunen og vurdere fleire tilbydarar inkludert KLP som kommunen nyttar i dag.*
*Viktig å ta hensyn til i utarbeidinga av saka:*
*a) Drøftingar med dei tilsette må gjennomførast tidlegast mogleg, og uttale frå tillitsvalde som representerer dei yrkesaktive arbeidstakarane som er omfatta av pensjonsordninga, skal følge saka fram til endeleg avgjersle i kommunestyret.*
*b) Saka må opp til politisk handsaming tidsnok til at det ved eit evt. vedtak om byte av pensjonsleverandør, er mogleg å seie opp gjeldande avtale innan 30.09.2021 og treffe endeleg vedtak om flytting innan 01.12.2021.*
*c) Saksutgreiinga må utover å vise dei reint økonomiske sidene ved eit evt. byte, også synleggjere evt. fordeler/ulemper ved å byte pensjonsleverandør.*

*12. Fond: Vaksdal kommune har fleire fond som er nede på grunnkapitalen. Dette gjeld mellom anna landbruksfondet, der også grunnkapitalen har vore nedjustert ein gong i førre periode. Konsekvensen er at kommunen ikkje har midlar å dele ut til landbruksføremål. Det er heller ikkje utsikter til at rentenivået vil auke slik at ein igjen vil kunne dele ut av overskotet. Dette er uheldig all den tid det er mange bønder i kommunen vår som gjer store investeringar innafor landbruksnæringa som dei ville søkt tilskot til.*
*Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei drøftingssak innan mai 2021 som omhandlar kva fond kommunen har til jordbruk- og næringsføremål og skisserer mogelegheiter for korleis kommunen best forvaltar kapitalen i fonda våre med mål om å kunne dele ut støtte til jordbruk og næringsutvikling også i åra som kjem.*

Ståle Hesjedal, AP, på vegne av Arbeidarpartiet:

| | | |
|---|---|---|
| ***Oppvekst*** | ***1.540.000*** | |
| *Auka ramme skule* | *1.000.000* | *Redusert nedtrekk* |
| *SFO* | *400.000* | *Gratis SFO 1. klasse* |
| *Fulldekning Chromebook* | *90.000* | *Covid-19 beredskap* |
| *Ungdomsklubb Dale* | *50.000* | *Møteplass for unge* |
| *Ungdomsråd* | **50.000* | *Eigen budsjettpost. Finansierast av Bygdeutviklingsmidlar* |
| *Internasjonal kvinnegruppe* | **10.000* | *Finansiert frå flyktningefondet* |
| | | |
| ***Helse*** | ***360.000*** | |
| *Bonusordning helse og omsorg* | *200.000* | *Vidareføring tiltak 2020* |
| *Årsturnus* | *160.000* | *Kostnader knytt til ny turnus* |
| | | |

| | | |
|---|---|---|
| ***Samfunnsutvikling*** | ***200.000*** | |
| *Styrke budsjett for reinhald* | *100.000* | *Auke opp stillingar* |
| *Ung jobb* | *100.000* | *Tilby sommarjobb til fleire ungdommar i Vaksdal frå fylte 16 år. Vedlikehald, kantklypp mm.* |
| | | |
| ***Finansiering*** | ***2.100.000*** | |
| *Bruk av disposisjonsfond* | *1 300 000* | |
| *Redusert overføring til investering* | *800 000* | |
| | | |
| ***Investeringar*** | | |
| *Grøttåvegen* | *150 000* | *Jfr. Vedtak i sak 73/2020* |

***Tekstforslag budsjett**:*

*1. Veglys Stamnes/Dale*

*Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med veglys på kommunal veg på Straume, Stamnesvegen og Geitabakken-gravplassen på Dale*

*2. Gratis barnehageplass til born av studentar*

*Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med og korleis ei praktisk ordning med gratis barnehageplass for born av studentar kan utformast.*

*3. Tilpassing av opningstider i barnehagane*

*Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 gjennomføre ei brukargransking i forhold til opningstidene i barnehagane med sikte på å tilpasse desse til behova til forledre som til dømes pendlar med offentleg kommunikasjon.*

*4. Tilsette*

*Vaksdal kommuen skal ikkje nytte seg av liberaliseringa i Arbeidsmiljøloven for auke i midlertidige tilsetjingar, men tilsetje i faste stillingar.*

*Motforslag/tilleggsforslag til SP, SV, H og FRP sine tekstforlag:*

*Tillegg til punkt 1. Barnevern*

*Dei tilsette vert involvert i prosessen*

*Tillegg til punkt 8. Geitabakken*

*Idrettssrådet skal involverast i prosessen.*

*Motforslag til punkt 10. Tilsette*

*Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Ingen arbeidstakarar skal bli sagt opp eller få redusert stilling som følgje av omstillingar/nedbemanning i 2021.*

Boris Groth, FRP:
*Forslag om reduksjon av den kommunale satsen for formuesskatt i Vaksdal kommune:*

*For å auke tilflyttinga til Vaksdal kommune, tiltrekke nye bedrifter og grunderer som kan gje arbeidsplassar, samt stimulere til auka investeringslyst generelt i lokalt næringsliv og kommunen.*

*Vaksdal kommunestyre vedtek frå 01.01.2022 å redusere den kommunale satsen av formueskatten for Vaksdal kommune frå dagens sats 0,7% til frå 01.01.2022 ny sats: 0,5% .*

*Rådmannen skal ved utarbeiding av rådmannens budsjettforslag for 2022 legge ny sats til grunn for sitt budsjettarbeid.*

*Deretter vert satsen å justere ned til 0,4 i 2023 og 0,35 i 2024, forutsett at ynskt effekt med auka tilflytting synest oppnådd. Evaluering av effekten av tiltaket vert lagt fram av rådmannen kvart år i samband med budsjetthandsaming(seinast til FPØ sitt budsjettseminar), og om evalueringa syner at tiltaket har gitt ynskt effekt så skal rådmannen legge ovan nemde satser til grunn og innarbeide desse i sine respektive års budsjettforslag .*

Arne Normann, KRF:
*- Dalseidvegen vert fullfinansiert og utbetra i 2021.*
*- Kommunestyret ber administrasjonen om å tilføra landbruksfondet kr 100.000, slik at fondet fungerer etter intensjonen.*

Framlegget vart seinare trekt.

Det vart så gruppemøte og deretter ordinær debatt.

**Røysting**:
Det vart lagt opp til slik røysting:
1. Formannskapet si tilråding
   Denne vart samrøystes vedteken
2. Talldelen i endringsframlegget frå SP, SV, H, FRP vart sett opp mot talldelen i endringsframlegget frå AP.

AP sitt framlegg fekk 7 røyster (AP, KRF) og fall.
3. Tekstframlegga vart røysta over punkt for punkt:
**Frå SP, SV, H, FRP:**
Punkt 1. Samrøystes vedteke
Tilleggsframlegget frå AP samrøystes vedteke
Punkt 2. Vedteke mot 6 røyster (AP)
Punkt 3. Samrøystes vedteke
Punkt 4. Samrøystes vedteke
Punkt 5. Samrøystes vedteke
Punkt 6. Samrøystes vedteke
Punkt 7. Samrøystes vedteke
Punkt 8. Samrøystes vedteke
Tilleggsframlegget frå AP samrøystes vedteke
Punkt 9. Samrøystes vedteke
Punkt 10. Framlegget frå SP, SV, H, FRP vart sett opp mot framlegget frå AP
Framlegget frå SP, SV, H, FRP fekk 15 røyster (SP, SV, H, FRP, KRF) og vart vedteke. Framlegget frå AP fekk 6 røyster(AP) og fall
Punkt 11. Vedteke mot 6 røyster (AP)
Punkt 12. Samrøystes vedteke
**Frå AP:**
Punkt 1. Samrøystes vedteke
Punkt 2. Samrøystes vedteke
Punkt 3. Samrøystes vedteke
Punkt 4. Vedteke mot 2 røyster (FRP)
4. FRP sitt framlegg fekk 4 røyster (Boris Groth, Frp, Karin Groth, Frp, Trond Olav Magnussen H, og Edvin Hesjedal, H) og fall
5. Budsjett 2021 som heilheit til votering - Budsjett 2021 vart samrøystes vedteke

**KOM - sak 97/2020 Vedtak/Tilråding:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2021 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.

2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2021. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2021 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2021 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 128.500.000,.-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 102.200.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2021. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2021» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2021, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2021 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2021 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune. Gebyrregulativ for vass og avløpstenestene vert vedteke slik dei ligg føre i vedlegg til denne saka.

10. Slamtømmegebyr for 2021 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2021 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2021 vert sett til 3.850.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

**Finansielle endringar:**

| **Inntekter** | | |
|---|---|---|
| Bruk av disposisjonsfond | 1 300 000 | |
| Redusert overføring til investering | 800 000 | |
| Samla | 2 100 000 | |

# Vaksdal kommune

| Utgifter | | |
|---|---|---|
| **Oppvekst** | | |
| Skule | 1 000 000 | Auka ramme/redusert nedtrekk |
| Auka dekningsgrad Chromebook i 2021 til skulen | 90 000 | Beredskap Covid - 19 |
| Oppdrag folketalsvekst | 20 000* | Gåve til nyfødde * Finansiert av midlar avsett til prosjekt folketalsvekst. |
| Ungdomsklubb Dale | 50 000 | Møteplass for unge 2021 |
| Ungdomsråd | 35 000 | Eigen budsjettpost |
| Svømming | 30 000 | Reduserte betalingssatsar jfr. Fsk sak 77/2020 |
| Internasjonal kvinnegruppe Vaksdal | 5 000 | Vidareføring frå oppstartsløyvinga i 2020. |
| **Helse og omsorg** | | |
| Bonusordning | 200 000 | Vidareføring tiltak 2020 |
| Merkantil prosjektstilling | 350 000 | Halvtårsverknad. |
| Årsturnus | 160 000 | Kostnader knytt til endra turnus |
| Tiltak Elvavegen | 30 000 | Felles utstyr ute til aktivitet, fysisk trening, leik og trivsel. Til dømes trampoline, huskestativ eller liknande. Kommunestyret ber om tilbakemelding i sitt møte i juni på kva tiltak som er gjort ved bustadane i Elvavegen. |
| **Samfunnsutvikling** | | |
| Ung jobb | 100 000 | Tilby sommarjobb til fleire ungdommar i Vaksdal frå fylte 16 år. Vedlikehald, kantklypp mm. |
| Syngjande kommune | 50 000 | Me ynskjer at Vaksdal kan bli ein aktiv syngjande kommune igjen når koronarestriksjonane lettar. |
| ***Samla Drift*** | 2 100 000 | |
| **Investeringar** | | |
| Grøttåvegen | 150 000 | Jfr. Vedtak i sak 73/2020 |
| Samla | 150 000 | |

**Andre endringar:**

1. Barnevern:

Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med alternativer for eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester. Fokuset i saka skal vere korleis Vaksdal kommune skal kunne tilpasse barnevernstenesta til krava som foreligg i barnevernsreformen.
Dei tilsette vert involvert i prosessen

2. Unge voksne: Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak om å auke aldersgrensa på helsestasjon for unge til 25 år. Saka skal inkludere dei organisatoriske og økonomiske konsekvensene av eit slikt tiltak, og moglegheit for å søke ekstern finansiering.

3. Frivilligkoordinator: Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om moglegheiter for frivilligkoordinator, etter modell frå "Leve heile livet"-reforma, innan budsjetthandsaming 2022.

4. Vaksdal Næringsselskap
Vaksdal Næringsselskap skal vere kommunen sitt verktøy i næringsutviklingsarbeid. Hovedfokus for VNS skal vere å leggja til rette for vekst nye arbeidsplassar, samt å vera kommunen sitt kontaktpunkt for eksisterende bedrifter når det gjeld rådgjevning og kompetanseheving.
Næringsselskapet skal vere ein aktiv medspelar i kommunen sitt strategiske næringsarbeid. Dette skal selskapet gjere med å vere ein sentral funksjon i utvikling av lokale planar og strategiar for næringsutvikling, i tillegg til å sikre Vaksdal sine interesser i regionale og nasjonale planar.
Grunna den økonomiske situasjonen selskapet er i, skal ein i 2021 fokusere på kjerneområda for selskapet. Kommunestyret auker bevilling med inntil kr. 250 000 i 2021 og ber styret i VNS om at eigenkapital ikkje vert redusert ytterlegare. Styret og Vaksdal kommune skal i 2021 avklare vegen vidare for selskapet. Summen vert å ta frå konsesjonsavgiftsfondet.
· Næringsareal.
Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledig næringsareal i kommunen. Dette arbeidet må og sjåast i samanheng med omregulering Dalegarden og strategisk næringsplan.
Bustadtomter. Kommunestyret ber om at det innan 01.09.2021 vert utarbeida oversikt og eventuelt prospekt over ledige bustadtomter offentlege og private i kommunen.
Arbeidet med ein slik oversikt vert lagt til Vaksdal Næringsselskap og målsettinga er ein felles marknadsføring av ledige tomter til bustader og næring innan 2022

5. Budsjett 2021 og korona. Kommunestyret vil gjere vurderingar om å styrke tenesteområda fortløpande i 2021 og ber om at det vert gjeve økonomirapportering til formannskapet kvar 2. månad. Reinhaldsressursen har vore auka opp i samband med koronadrifta. Dette vil me halde på ved inngangen til 2021, og me vil ta stilling til om det er rom for ei permanent auke i denne ressursen ved handsaming av 1. tertialrapport.

6. Tilsette i Vaksdal kommune.
Korona – pandemien gjev tilsette i Vaksdal kommune store utfordringar. Kommunestyret vil peike på viktigheita av fokus på arbeidsmiljø i 2021 og ber om at administrasjonen saman med organisasjonane i arbeidslivet, rapporterar til administrasjonsutvalet slik at ein raskt kan sette inn eventuelle tiltak.

7. Dalseidvegen. Kommunestyret ber administrasjonen starte anbodsprosess for Dalseidvegen med intensjon om å ferdigstille vegen i 2021. Finansiering vert å ta stilling til når tilbod føreligg.

8. Geitabakken.

Prosjekt opprusting av Geitabakken vert lagt inn som eit tillegg til Vaksdal Kommune sin Kulturplan, med følgjande tekst:
Geitabakken skal vidareutviklast som idrettsarena i kulturplanperioden. Første trinn som skal realiserast er eit tenleg idrettsbygg. Bygget skal kunna nyttast både til idrettsformål samt til annan bruk ved behov.
Administrasjonen skal i 2021 starte prosessen i høve Vestland fylkeskommune om søknad spelemidlar til prosjektet.
*Finansiering av nybygg på Geitabakken skal løysast som eit samarbeid mellom Vaksdal Kommune, eksterne samarbeidspartnarar og idrettslag i Vaksdal.*
Idrettssrådet skal involverast i prosessen.

9. Politisk kompetansebygging – å gjere kvarandre gode!
Kommunestyret ber ombodsutvalet greie ut korleis ein kan styrke det parlamentariske arbeidet i kommunen. Kompetansebygging og nettverksarbeid mellom folkevalde og parti og partigrupper er viktig for å kunne skulere lokale folkevalde til å bidra lokalt, regionalt og nasjonalt i politisk arbeid. Fokus på
kompetansebygging folkevalde gjennom dei lokale partiorganisasjonane må stå i fokus.

10. Tilsette
Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgje av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillige avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering – vidareutdanning.

11. Pensjonsleverandør til Vaksdal kommune.
Kommunestyre ber Rådmannen om å utarbeide sak til kommunestyre om mogleg byte av pensjonsleverandør innan utgangen av september 2021.
Det kan vere nyttig for kommunen og vurdere fleire tilbydarar inkludert KLP som kommunen nyttar i dag.
Viktig å ta hensyn til i utarbeidinga av saka:
a) Drøftingar med dei tilsette må gjennomførast tidlegast mogleg, og uttale frå tillitsvalde som representerer dei yrkesaktive arbeidstakarane som er omfatta av pensjonsordninga, skal følge saka fram til endeleg avgjersle i kommunestyret.
b) Saka må opp til politisk handsaming tidsnok til at det ved eit evt. vedtak om byte av pensjonsleverandør, er mogleg å seie opp gjeldande avtale innan 30.09.2021 og treffe endeleg vedtak om flytting innan 01.12.2021.
c) Saksutgreiinga må utover å vise dei reint økonomiske sidene ved eit evt. byte, også synleggjere evt. fordeler/ulemper ved å byte pensjonsleverandør.

12. Fond: Vaksdal kommune har fleire fond som er nede på grunnkapitalen. Dette gjeld mellom anna landbruksfondet, der også grunnkapitalen har vore nedjustert ein gong i førre periode. Konsekvensen er at kommunen ikkje har midlar å dele ut til landbruksføremål. Det er heller ikkje utsikter til at rentenivået vil auke slik at ein igjen vil kunne dele ut av overskotet. Dette er uheldig all den tid det er mange bønder i kommunen vår som gjer store investeringar innafor landbruksnæringa som dei ville søkt tilskot til.
Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei drøftingssak innan mai 2021 som omhandlar kva fond kommunen har til jordbruk- og næringsføremål og skisserer mogelegheiter for korleis kommunen

best forvaltar kapitalen i fonda våre med mål om å kunne dele ut støtte til jordbruk og næringsutvikling også i åra som kjem.

13. Veglys Stamnes/Dale
Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med veglys på kommunal veg på Straume, Stamnesvegen og Geitabakken-gravplassen på Dale

14. Gratis barnehageplass til born av studentar
Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med kostnad med og korleis ei praktisk ordning med gratis barnehageplass for born av studentar kan utformast.

15. Tilpassing av opningstider i barnehagane
Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 gjennomføre ei brukargransking i forhold til opningstidene i barnehagane med sikte på å tilpasse desse til behova til forledre som til dømes pendlar med offentleg kommunikasjon.

16. Tilsette
Vaksdal kommuen skal ikkje nytte seg av liberaliseringa i Arbeidsmiljøloven for auke i midlertidige tilsetjingar, men tilsetje i faste stillingar.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**98/2020: DELTAKING I REGIONRÅD NORDHORDLAND**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek at Vaksdal kommune går inn i samarbeid Region Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

**<u>Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020</u>**

**Behandling:**
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 93/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret vedtek at Vaksdal kommune går inn i samarbeid Region Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

**<u>Kommunestyret 15.12.2020</u>**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 98/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret vedtek at Vaksdal kommune går inn i samarbeid Region Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**99/2020: NY SAMARBEIDSAVTALE - INVEST IN BERGEN OG ETABLERERSENTERET 2021-2024**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune fornyar samarbeidsavtalen med Hordaland fylkeskommune gjeldande Invest In Bergen og Etablerersenteret 2021-2024.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**
Rådmannen orienterte om saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 92/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune fornyar samarbeidsavtalen med Hordaland fylkeskommune gjeldande Invest In Bergen og Etablerersenteret 2021-2024.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 99/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune fornyar samarbeidsavtalen med Hordaland fylkeskommune gjeldande Invest In Bergen og Etablerersenteret 2021-2024.

-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**100/2020: FRAMTIDIG ORGANISERING AV NORDHORDLAND DIGITALT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 86/2020 Vedtak/Tilråding:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 100/2020 Vedtak/Tilråding:**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

---

**101/2020: EKSE GRENDAHUS - SLETTING AV HEFTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune godkjenner at heftet mot sal av eigedomen Gnr. 68 Bnr. 11, Eksingedalsvegen 3370, gamle Ekse skulehus, til andre slettast.

# Vaksdal kommune

__Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020__

**Behandling:**
Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 84/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner at heftet mot sal av eigedomen Gnr. 68 Bnr. 11, Eksingedalsvegen 3370, gamle Ekse skulehus, til andre slettast.

__Kommunestyret 15.12.2020__

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 101/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner at heftet mot sal av eigedomen Gnr. 68 Bnr. 11, Eksingedalsvegen 3370, gamle Ekse skulehus, til andre slettast.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**102/2020: POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Politisk styringssystem og delegeringsreglement vert vedtatt slik det ligg føre.

__Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020__

**Behandling:**
__På vegne av partia Sp, SV, Høgre, Frp og Ap la Kjartan Haugsnes fram følgjande forslag__

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 90/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

__Kommunestyret 15.12.2020__

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 102/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

---

**103/2020: INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØAREAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Vaksdal kommune.
3. Vaksdal kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Vaksdal kommune vel ordførar til medlem med varaordførar som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 87/2020 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Vaksdal kommune.
3. Vaksdal kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Vaksdal kommune vel ordførar til medlem med varaordførar som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

# Vaksdal kommune

**<u>Kommunestyret  15.12.2020</u>**

**Behandling:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**KOM - sak 103/2020 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Vaksdal  kommune.
3. Vaksdal kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Vaksdal kommune vel ordførar til medlem med varaordførar som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i  første møte.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**104/2020: PLANSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE 2020 -2023**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre.

**Tilleggsforslag frå Krf, lagt inn i møteportalen av Arne Normann, Krf**

Vaksdal kommune skal ha ein Klima- og Miljøplan.

**Tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes,SV**

Kommunestyret ber om at kulturminneplanen vert rullert i perioden. Rulleringa skal prioritere kartlegging og dokumentasjon av kulturminne på Dale.

**Tilleggsforslag frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap.**

Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021.
I kulturminneplan må det kartlegges Dale og Vaksdal sine industrielle og tekniske installasjoner samt parker og anlegg.

# Vaksdal kommune

**Ny setning til AP sitt tilleggsforslag, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap.**

Ved start av rulleringen blir Dale prioritert i kartleggingen.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**
Formannskapet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 88/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**
Tilleggsframlegg frå Thor Andersen, AP:
*Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021.*
*I kulturminneplan må det kartlegges Dale og Vaksdal sine industrielle og tekniske installasjoner samt parker og anlegg.*

Tilleggsframlegg frå Arne Normann, KRF:
*Vaksdal kommune skal ha ein Klima- og Miljøplan.*

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SP, SV, H:

*Kommunestyret ber om at kulturminneplanen vert rullert i perioden. Rulleringa skal prioritere kartlegging og dokumentasjon av kulturminne på Dale.*

Framlegget vart seinare trekt.

Tilleggsframlegg frå Thor Andersen, AP:
Tillegg til opprinneleg framlegg: *Ved start av rulleringen blir Dale prioritert i kartleggingen.*

**Røysting**:
Formannskapet sit tilråding vart samrøystes vedteken.
Tilleggsframlegget frå Arne Normann fekk 7 røyster (AP, KRF) og fall
Tilleggsframlegga frå Thor Andersen vart samrøystes vedtekne.

# Vaksdal kommune

**KOM - sak 104/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endringar:

Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021.
I kulturminneplan må det kartlegges Dale og Vaksdal sine industrielle og tekniske installasjoner samt parker og anlegg.
Ved start av rulleringen blir Dale prioritert i kartleggingen.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**105/2020: HØYRINGSUTTALE - FRIE OG HEMMELEGE VAL - NY VALLOV**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Vaksdal kjem med følgjande høyringssvar til utreiinga av NOU 2020:6:

Vaksdal kommune merker seg at vallovutvalet har gjort eit grundig arbeid ved utarbeiding av ny vallov.

Vi støtter fleire av forslaga, og kjem med følgjande merknader, lagt fram knytt til kapitla eller paragrafar i nytt lovforslag:

**§ 2-2 Stemmerett** - Vaksdal kommune støttar forslaget om å setja 16 års stemmerett for kommunestyre- og fylkestingsvalet.

**§ 2-9 Valkort** – Vi viser til Vaksdal kommune sin tidlegare innsendte høyringsuttale med frist 30.09.2020.

